



Lærling Karianne øver seg på sjefen sin – men fredag blir det ålvor! (Foto: Ola Matti Mathisen).

Uskedalen vart ein kjendis rikare torsdag, då revykjendis Karianne Solheim (25) hadde første arbeidsdagen sin hos Klara Bakke i Zjakk Frisørsalong. Den sprudlande jenta, som er fødd og oppvaksen på Sunde, er klår for den første kunden fredag og har som mål å tilbringa alle sine tre lærlingeår i Uskedalen. Og det er slett ingen grunn til å vera skeptisk, for Karianne har allereie fiksa håret for mange. Ho kan meir enn å syngja og vera skodespelar.

Karianne har spela sommar-revy fire gonger på Husnes og ein gong på Stord og er no klår for ein revy til på Stord. Det var også der ho gjekk på musikklinja i 1998/1999 og fekk skikkeleg luft under vingane som skodespelar og songar.

- Det er song og musikk som er den store interessa mi og draumen er sjølvsagt å bli profesjonell ein dag. Men eg har det fint nå også, seier Karianne.

Uskedalen.no spør omgåande den nye sjefen hennar om kva ho meiner om dei kunstnarlege kvalitetane til den nye lærlingen sin.

- Svaret kjem kontant: - Ho har ei utruleg utstråling på scena og syng som ei gudinne!

Klara veit kva ho snakkar om, for ho har sett alle revyane som Karianne har spela i.

Og Klara vart kjend med Karianne for alvor då ho var vokalist med duoen "Secret Mood" under ein dansefest i Aktivitetshuset. Ho er forresten sambuar med gitaristen i duoen, som i det "sivile" driv Sparbutikken på Valen

- Heimen vår er fylt av pianoar, gitarar, song og glede, seier Karianne.

Tiltross for sine unge år har ho eit mangfaldig liv bak seg. Ho har og hjelpeleierutdanning frå vidaregåande. På folkehøgskulen Solbakken ved Skarnes fekk ho testa ut sine evner som skodespelar og under eit opphald i Oslo tok ho songtimar og arbeidde i heimesjukepleien. Ho har også jobba på sjukehuset på Valen og i ei moteforretning på Husnes.

- Kva liker du helst å syngja?

- Soul, blues, pop og rock – som revyartist må ein vera allsidig. Eg har og sunge i mange dansefestar, også i Helgheim, og eg har sunge både i bryllup og gravferder.

- Men kvifor frisøryrket oppe i alt dette?

- Eg har alltid latt lyst til å bli frisør. Det er eit kreativt og sosialt yrke og det sosiale er viktig for meg. Eg er glad i blide folk!

For å førebu meg til yrket har eg nyleg gått eit halvt år på Frisørinstituttet på Sandnes. Men så er det jo ikkje så heilt enkelt å bli lærling....

- Derfor ringte du til Klara og fiksa lærlingeplass?

- Jau, det var nett det eg gjorde. Og ho sa ja med ein gong. Eg er kjempeglad for å ha vorte teke inn i varmen her og er full av entusiasme når eg no startar på dette nye kapitlet i mitt liv.

Og med det same eg har sjansen: Eg vil gjerne ha modellar!

Av Ola Matti Mathisen